

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 026	15/637

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
33/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Søknad om ny aksjekapital Sambandet Vest AS

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Styret i Sambandet Vest har i brev av 15. januar 2015 bedt eigarane vurdere grunnlaget for vidare drift av selskapet og i så fall tilføring av ny aksjekapital.

Dagens aksjekapital er brukt opp, og selskapet treng tilføring av midlar for å sikre vidare drift. Styret legg til grunn at det er behov for minimum 1,5 mill kr dei neste åra. Styret ber om rask attendemelding frå eigarane om vidare drift er ønskt, og i så fall at det vert stilt kapital til disposisjon. Dersom eigarane ikkje stiller ny kapital til disposisjon må selskapet avviklast.

Selskapet opplyser i brevet at dei har von om å få med tidlegare eigarar som har gått ut. Dette gjeld Bergen, Fjell og Øygarden. Status her er ikkje kjent for rådmann. Det er og nemnt at det vert jobba med å få med fleire større private verksemdar som nye eigarar.

I kostnadsfordelinga er det teke utgangspunkt i dagens aksjefordeling. Meland har i dag 12 aksjar av tilsaman 160. Summen pr aksje er rekna til kr 9 375,-. Vår andel av 1,5 mill kr vert i så fall 112 500,-. I tillegg må vi vere med å dekke inn Nordhordland utviklingsselskap sin andel. Nordhordland utviklingsselskap IKS har 45 aksjar og må i så fall gå inn med 421 875,-. Desse pengane må eigarkommunane dekke inn då NUI ikkje har meir fondsmidlar å ta av.

Vurdering

Styret arbeider no ut frå ein framdriftsplan som legg opp til godkjenning av traséar for ein sambinding av Askøy og Nordhordland. I fylgje styret ser ein no på moglege løysingar for bru, eventuelt tunnell mellom Meland og Askøy og nærare planar for det. Det er etter det rådmann kjenner til ikkje lagt fram konkrete planar for løysinga så langt. Rådmann har heller ikkje sett at ny seglingslei og kva konsekvensar dette får for eit eventuelt brusamband er vurdert. Det er eit faktum at statleg reguleringsplan for ny seglingslei inn til Bergen vil bli utarbeidd, og dette vil få konsekvensar for kva type fjordkryssing som kan vere aktuelt mellom Meland og Askøy.

Sidan det enno ikkje er halde eigarmøte har rådmann freista å sjekke ut korleis dei andre eigarkommunane stiller seg til søknaden. Formannskapet i Askøy kommune fatta vedtak 10.02.15 om å gå inn med den summen det er søkt om i ny kapital.

Austrheim kommune har ikkje handsama søknaden, men ut frå den tilbakemeldinga rådmann har

fått frå rådmann i Austrheim så er dei negative. Radøy kommune har heller ikkje handsama søknaden, og seier dei avventar å sjå kva Meland gjer. Frå Lindås kommune har rådmann i skrivande stund ikkje fått tilbakemelding.

Folkehelse

Tiltaket har klart ein positiv gevinst i form av ringveg som sikrar at det vert mogeleg å kome frå Nordhordland til Bergen sjølv om Nordhordlandsbrua og/eller Hagelsundsbrua skulle bli stengt.

Miljø

Det å ha eit effektivt vegsystem vil gi miljøgevinst. Det er på noverande tidspunkt umogeleg å vurdere om tiltaket vil føre til auka bilkjøring. Det er eit klart mål at framtidige utbyggingsmønster for å takle folkevekst skal planleggjast slik at ein reduserer behovet for bilkjøring. Dette tiltaket er slik rådmann forstår først og fremst kome til av omsyn til næringslivet og deira behov for effektive transportsystem, ut frå den plasseringa større verksemdar har i dag. I så fall er det tvilsamt om dette tiltaket i seg sjølv fører til redusert bilkjøring.

Økonomi

Kø fører til økonomisk tap for næringslivet. Betre vegsystem vil difor kunne gi økonomisk gevinst i form av meir effektiv logestikk. På den andre sida vil dette prosjektet neppe kunne realiserast utan bompengefinansiering.

Konklusjon

Etter at dei opprinnelege traséane måtte skrinleggjast grunna tilhøve på havbotnen, ser ikkje rådmann nokon klar og realistisk løysing på kryssinga mellom Meland og Askøy. Skal kommunen bruke meir pengar inn i selskapet, meiner rådmann det må setjast krav om at selskapet snarast kjem opp med nye realistiske traséalternativ. Det bør og setjast som krav at alle andre eigarar yter sin del i selskapet. Meland sin del av forpliktinga er kr 112 500,-. I tillegg må vi finansiere tilsvarande sum av den delen som går på NUI IKS sin del. Tilsaman vert dette kr 225 000,- for Meland kommune sitt vedkomande. Dette er ein relativt stor sum for kommunen, og vi bør difor setje same krav til effektiv bruk av desse midlane som vi gjer på midlar vi elles brukar i drifta.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune er positive til vidare drift av Sambandet Vest AS. 2. Meland kommune løyver kr 112 500,- som kommunen sin del av ny aksjekapital. Midlane vert å dekkje frå kapitalfond. Det vert likevel ein føresetnad at dei andre eigarane går inn med sin del. 3. Meland kommune er positive til å finansiere del av NUI IKS sin del av ny aksjekapital avgrensa oppad til kr 112 500,-. Finansieringa for denne delen vert å dekkje frå driftsfond. 4. Sambande Vest As må snarast leggje fram nye realistiske planar for traceval og framdriftaplanar, samt vurdering av grunnlaget for framtidig drift av selskapet.

Formannskapet - 33/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

1. Meland kommune er positive til vidare drift av Sambandet Vest AS.
2. Meland kommune løyver kr 112 500,- som kommunen sin del av ny aksjekapital. Midlane vert å dekkje frå kapitalfond. Det vert likevel ein føresetnad at dei andre eigarane går inn med sin del.
3. Meland kommune er positive til å finansiere del av NUI IKS sin del av ny aksjekapital avgrensa oppad til kr 112 500,-. Finansieringa for denne delen vert å dekkje frå driftsfond.
4. Sambandet Vest As må snarast leggje fram nye realistiske planar for traséval og framdriftaplanar, samt vurdering av grunnlaget for framtidig drift av selskapet.